

Saksbehandlar: Guro Høyvik, nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/7002-44

Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2017 - fullmakt til fordeling av tilskot

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilskotet til lokale kulturbygg ut frå følgjande kriterier:
 - a) Lokale arenaer (grendehus, forsamlingshus, ungdomshus) som inneheld kulturaktivitetar vert prioritert.
 - b) Kommunale prioriteringar vert følgde så langt som råd og tilskot vert fordelt til tiltak i flest moglege av kommunane.
2. Det vert sett av minimum 100 000 kr til ev. klagehandsaming.
3. Fordelinga vert referert for hovudutvalet i septembermøtet.

Vedlegg:

1. Retningsliner for tilskot til kulturbygg i Sogn og Fjordane.
2. Melding om midlar frå Kulturdepartementet, datert 19.05.2017.

Andre relevante dokument i saka:

1. Søknadar om tilskot.

SAKSFRAMSTILLING

1. Om tilskotsordninga

Ved handsaming av St.meld. nr. 48 (2002-2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014* sette Stortinget i verk ei desentralisert ordning for tilskot til kulturhus, og ei ordning om tilskot til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur. Den desentraliserte ordninga vert finansiert med delar av overskotet frå Norsk Tipping, spelemidlar. Kulturdepartementet administrerer, og fylkeskommunane forvaltar, ordninga. Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedteke eigne retningsliner som kjem i tillegg til dei statlege føringane.

2. Årets søknader og oversyn over midlar til tildeling

Innan fristen 30.04.2017 kom det inn 16 søknader, med ein total søknadssum på 11 012 245 kroner. 12 søknadar er nye av året. Fire vart godkjende i 2016 og er fornya i år. Dei fire fornya søknadane har ikkje blitt tildelt midlar i tidlegare søknadsrundar pga. manglande midlar og anna prioritering. Det er ingen gjentekne søknadar i år.

Kulturdepartementet har i brev datert 19.05.2017 gitt melding om at tilskotet til Sogn og Fjordane i 2017 er 1 592 952 kroner. Løyvde, men ikkje utbetalte midlar, står på eigen konto. Rentene frå desse vert lagt til ramma for tildeling. Opptente rentemidlar for 2016 er 199 187

kroner. Etter tildelingane i 2016 stod det att 37 754 kroner som ikkje vart løyvd. Desse midlane vert lagt til ramma for tildeling i 2017. Midlane fylkeskommunen sjølv disponerer til denne ordninga pr. i dag er såleis kr 236 941. Totalt til tildeling i 2017, inkludert midlar frå Kulturdepartementet: 1 829 893 kroner. Fylkesdirektøren rår til at ein set av minimum kr 100 000 til ev. klagehandsaming. Desse midlane kan ev fordelast til prosjekt seinare når vi er kjende med om det kjem klage på vedtaket.

Ettersom vi ikkje har fått slutført gjennomgang og godkjenning av alle søknadane, og neste møte i hovudutvalet er først i slutten av september, ber fylkesdirektøren hovudutval for næring og kultur om å gje fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilskotet ut frå prinsippa som er lista opp i framlegg til vedtak. Vi vil då kunne gje søkjarane tilbakemelding på sin søknad før sommarferien.

Oversyn over søknadane i 2017:

| Anleggsnummer | Namn | Kommune | Søknadstype | Komm. prioritet | Søknadssum v/frist |
|---------------|--|------------|-------------------------------------|-----------------|----------------------|
| 1401 0089 01 | Gamlebua i Stavang | Flora | Fornya. Godkjend første gong: 2015. | 1/1 | kr 552 110 |
| 1411 0005 04 | Brandangersund samfunnshus | Gulen | Ny 2017 | 1/1 | kr 350 000 |
| 1416 0060 01 | Gunnar S. Galleri | Høyanger | Ny 2017 | 1/1 | kr 1 500 000 |
| 1418 0032 01 | Balestrand bygdahus | Balestrand | Ny 2017 | 1/1 | kr 221 600 |
| 1419 0034 01 | Klokkargarden Leikanger | Leikanger | Ny 2017 | 1/1 | kr 287 000 |
| 1420 0046 01 | Sogndal kulturhus, nytt kulturareal | Sogndal | Fornya. Godkjend første gong: 2016. | 1/3 | kr 4 000 000 |
| 1420 0046 01 | Sogndal kulturhus, kinosal | Sogndal | Fornya. Godkjend første gong: 2016 | 2/3 | kr 188 000 |
| 1420 0082 01 | Fjærland Bedehus | Sogndal | Ny 2017 | 3/3 | kr 110 000 |
| 1429 0069 01 | Nordisk Kunstnar-senter Dale | Fjaler | Ny 2017 | 1/1 | kr 1 232 680 |
| 1430 0029 01 | Bygstad samfunnshus | Gaular | Ny 2017 | 1/1 | kr 156 000 |
| 1432 0067 01 | Viking Ungdomshus | Førde | Ny 2017 (tilleggssøknad) | 1/1 | kr 78 853 |
| 1433 0002 09 | Naustdal barne og u. skule - bibliotek | Naustdal | Fornya. Godkjend første gong: 2015. | 1/1 | kr 566 666 |
| 1438 0055 01 | Svelgen Samfunnshus | Bremanger | Ny 2017 | 1/1 | kr 600 000 |
| 1441 0005 01 | Selje samfunnshus | Selje | Ny 2017 | 1/1 | kr 296 000 |
| 1445 0021 01 | Runnevang grendahus | Gloppen | Ny 2017 | 1/1 | kr 496 066 |
| 1449 0009 02 | Stryn kulturhus | Stryn | Ny 2017 | 1/1 | Kr 377 270 |
| | | | | | kr 11 012 245 |

3. Prioritering for tildeling av midlar

I vurderinga av kva søknadar som vert tilradd tilskot vil fylkesdirektøren legge vekt på prioriteringane som er peika ut i retningslinjene for ordninga:

- Lokale arenaer som inneheld kulturaktivitetar vert prioritert
- Følgje kommunale prioriteringar så langt som råd
- Fordele tilskot til flest mogeleg av kommunane
- Prioritere kulturbygg som samlar ulike kulturaktivitetar

Rammeløyvinga frå Kulturdepartementet er ikkje stor nok til at alle godkjende søknadar kan prioriterast for løyving i år, heller ikkje til å prioritere alle søknader som er på førsteplass i kommunal prioritering. Søknadane som vert godkjende kan fornyast til neste år. Det same gjeld søknadane som ikkje vert godkjende; søkjar får tilbakemelding om manglane, kan rette opp desse og sende inn søknaden på nytt i neste søknadsrunde.

Tiltaka det vert søkt om midlar til må oppfylle krava i retningslinjene og må vere fullfinansiert, inkl. eit ev. tilskot frå denne ordninga, for at ein søknad skal verte godkjend. Det er mogeleg å gi ein søknad ei delløyving. Søkjer må då sende inn ein gjenteken søknad for den resterande søknadssummen i neste søknadsrunde.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren ber hovudutval for næring og kultur om å gi fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilskotet ut frå prinsippa som er lista opp i tilrådinga. Fylkesdirektøren ynskjer å tildele midlane i tråd med prioriteringane i gjeldande retningsliner. Tildelingane vert referert for hovudutvalet i septembermøtet.